



John Sigfred Hugøy

Krossleitet
5955 Lindås

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato
2007/2730 - 21901/2007 Benjamin Hicks - 56375630 108/501 13.12.2007

Delegert sak. 724/07

Godkjenning av melding om innkledning av carport - Gbnr 108/501.

Vi viser til Dykkar melding om tiltak etter Pbl §86a, mottaken den (07.12.2007).
Meldinga innkledning av carport, som vil gi eit boa på 31,5 m².

Til meldinga er vedlagt:

- Dokumentasjon for varsling av naboar i samsvar med Pbl §94.3.
- Situasjonsplan og teikningar.

Vurdering

Det har ikkje komme inn naboprotestar i saka innafør fristen.

Brann / Lyd

Skiljekonstruksjon mot annan bueining/brukseining må utførast i samsvar med byggeforskriftene sine krav til brannvern og lyd (TEK).

Gebyr.

SAK§23b, set ein sakshandsamingsfrist for meldingssaker på 3 veker.

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.1.
Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.1. Meldingspliktige tiltak (Pbl§93)	
Sak som ikkje krev oppdatering av off. kart eller register	2.100
SUM	2.100

Konklusjon.

Kommunen har i samsvar med plan- og bygningslova § 86a ingen merknader til meldinga.
Byggearbeida kan verte sett i gang. Følgjande vilkår vert sett:

1. Bjelkar og golv i balkong må verte bygd av trevirke som er beskytta mot fukt- og insektskade.

2. Den del av tiltaket som ligger innafor avstandskravet m.o.t. brann, må verte bygd samsvar med byggeforskriftene sine krav med omsyn til brannspreiing (TEK).
3. Skilje mellom bueningar må tilfredsstillе byggeforskriftene sine krav til lydskilje (TEK).
4. Tiltaket må byggast slik at evt. reparasjon av offentlege fellesleidningar ikkje vert hindra.


Elles vert det opplyst om følgjande:


- Vi vil gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.
- Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteken av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 96.
- Som tiltakshavar må De melda frå til kommunen når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta. De kan sende oss ei tilbakemelding pr brev eller e-post til postmottak@lindas.kommune.no

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing


Tor Hegle
fagleiar byggesak


Benjamin Hicks

Rådgjevar byggesak

Kopi til:

- VVA, teknisk drift, her.